

## Vellykka hyttemesse/hyttemøte i Ål 27.2.16

60 hytteålingar møtte opp til møte i veslesalen som starta kl.14.00 med velkomstdrikk og flott fløytespel av Arne Moslått. Dette vart godt motteke blant dei frammøtte.

Ordførar Solveig Vestenfor innleia møtet og førte ordet.

Rådmann Tone Tveito Eidnes informerte om eigedomsskatt, der dette året blir brukt til synfaring/taksering av alle hus og oppstart i 2017. Satsane blir vedteke i kommunestyret til hausten. Dei fleste hytter har no fått adresser og skilt med vegnamn på fjellvegane blir sette opp til sumaren.

Biblioteksjef Anne Kaslegard informerte om biblioteket. Det er høve til å låne bøker og levere tilbake i den kommuna du bur i. Dei har boksal for tida, kom og fyll opp i hyttebiblioteket, 10 kr pr. bok. <http://hallingdalsbiblioteka.no/al-bibliotek/>

Arnstein Skår frå lensmannskontoret informerte om motorferdsel i utmark spesielt vinkla mot snøscooterkøyring. Han var innom utfordringane det er for dei å handtere og slå ned på ulovleg køyring, reglane for å ha løyve til å køyre og minna om at snøscooteren og kan redde liv i fjellet dersom folk blir utsatt for sjukdom eller ulykker i fjellet.

To hytteålingar hadde ein liten appell kva dei var spesielt fornøgd med og kva dei ynskjer seg meir av. Det gjekk på bl.a. rydding av stigar og meir samanhengande sykkelvegar.

Redaktør Bjarne Tormodsgard i Hallingdølen var dagens gjest og hadde ein fin og artig presentasjon av Hallingdølen og historia til avisa.

Frå Ål Utvikling AS/ Ål Turistinformatjon fortalte Linda Dalene Bjerke om Ål52 og sommarens 10 turfavorittar og at det no også er 6 turfavorittar på ski ([www.aal52.no](http://www.aal52.no)). Ho presenterte også Ål sin nye logo/profil og viste litt av korleis Ål sin nye nettside vil bli. Kari Grete Kleivstøl fortalte om Hallingdal sitt langrennsprosjekt ([www.hallingspor.no](http://www.hallingspor.no)) og om Ål og Hallingdal sin satsing på terrengsykling ([www.trakknroll.no](http://www.trakknroll.no)). Det er oppretta eit underprosjekt som heiter Tråkk'n Roll Ål for det praktiske arbeidet i Ål, der med Knut Myking frå Hillbilly MTB som prosjektleiar.

Det var eit positivt møte med engasjerte frammøtte. Vi avslutta møtet med utlodding av gåvekort fra kulturhuset og tulipanbukettar. Alle som ville fekk med seg Ål-bag og mappe med aktuelle brosjyre.

Før og etter møtet kunne både hyttefolket og andre interesserte ta ein kikk og ein prat med dei bortimot 20 bedriftene i Ål som hadde rigga seg til med stand og gode tilbod i øvre- og nedre foajé på kulturhuset.